



Årleg påskefest på Skorpo med 130 deltakarar i alle aldrar.

Den årlege påskefesten vert skipa til på Skorpo i dag, med heile 130 påmelde gjester. Alle feastbuande og alle med hytter melder seg på og møter fram i tunet til Marit og Oskar Langballe. Det heile startar med Skorpo Opp, natursti for store og små der målet er Skorpefjellet. På toppen får alle premiar. Alle får t skjorte. Borna får i tillegg påskeegg.

Etter Skorpo Opp samlast alle til grilling og sosialt samvære i partytelt og ute på tunet. Det vert mellom anna servert heilsteikt grilla gris. Grisen er levert frå ein av hytteeigarane, Ingvild Bøge, som driv restauranten Spisekroken i Bergen. I tillegg har SPAR Uskedalen sponsa med lammebrog og nakkekotelette.

Før har påskefesten vore på ein hytteterasse, men med så stor påmelding, måtte ein finna ei anna løysing. Samlingsplassen er ved flaggstonga på tunet til Langballe. Ein utedo i siloen vart offisielt opna før arrangementet kunne ta til. Komiteen reknar med at påskefesten varer til langt på natt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Marit Langballe



Tiril Seim var den yngste deltakaraen på Skorpo Opp i dag, her med T skjorte laga spesielt for påskefesten.